

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 28.6.2019  
**Stad:** Nes, Næringstunet

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

#### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:**

Kjersti Bærug Hulbak, regionkontakt

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Karsten Popp Dideriksen,	Ål kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Henrik Skovly,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

---

#### **SAK 33/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 24.5.2019**

##### **Vedtak**

Protokollen 24.5.2019 er godkjent.

#### **SAK 34/19 SLUTTRAPPORT TRÅKK'N' ROLL, SØKNAD OPPSTART TNR SA**

Richard Taraldsen, dagleg leiar i Destination Hemsedal, prosjektleiar Tråkk 'n' Roll, Lars Wraae Jensen og Linda Dalene Bjerke, Ål Utvikling, orienterte om sluttrapport og vidareføring av satsinga, vedlagt presentasjon.

##### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal tek sluttrapport Tråkk 'n' Roll-prosjektet, dat 12.6.2019 til orientering og er svært glade for det arbeidet som er lagt ned.
2. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til å løyve ei oppstartsstøtte til Tråkk 'n' Roll SA på kr. 100.000 for perioden 2019 - 2020.

#### **SAK 35/19 VIDAREFØRING/UTVIKLING UNGT ENTREPRENØRSKAP HALLINGDAL**

##### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vurderer Ungt Entreprenørskap i Hallingdal som ei svært godt tiltak som bør vidareførast som ei permanent ordning, der ordninga også blir utvida til å gjelde vidaregåande skule.

2. Av ei total kostnadsramme på kr 700.000 pr. år er det ein føresetnad at UE Buskerud dekkjer kr. 300.000.
3. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd eit tilskot på kr. 300.000 til Ungt Entreprenørskap i Hallingdal, for skuleåret 2019/2020. Tilskotet blir finansiert av attståande midlar partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.
4. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til å vera med på finansiering av Ungt Entreprenørskap i Hallingdal med eit samla årleg tilskot på kr. 300.000, gjeldande frå skuleåret 2020/2021. Tilskot blir rekna ut frå Regionrådet sin fordelingsnøkkel, 30% etter deltakarar og 70% etter folketal, 1.1 budsjettåret
5. Dagleg leiar får i oppgåve å avklare mogelegheita for ein «hovudsponsor» Ungt Entreprenørskap i Hallingdal.

### **SAK 36/19 YRKESMESSA 2020, TILSKOT**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 530.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2020.
2. I etterkant av yrkesmessa 2020 skal det gjerast ei nærare vurdering av yrkesmessa framover og framtidig finansiering. Det blir sett av inntil kr. 50.000 til gjennomføring av arbeidet.
3. Tilskotet på kr. 580.000 blir finansiert av attståande midlar partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.

### **SAK 37/19 BARNEHUS**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ber om møte med leiinga i Sør-øst politidistrikt for å vurdere løysingar som gjer belastninga med reisetid for barna langt mindre, enn ved dagens situasjon.

### **SAK 38/19 TANNHELSETENESTA I HALLINGDAL**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at klinikkstrukturen for tannhelsetenesta i Hallingdal ligg fast og at det blir arbeid aktivt i forhold til rekruttering av tannlegar. Regionrådet for Hallingdal ynskjer dialog med tannhelsetenesta i Buskerud for å sikre framtidretta løysingar for heile Hallingdal, og gjer gjerne ein innsats med tanke på rekruttering av tannhelsepersonell både på kort og lang sikt.

### **SAK 39/19 PROSJEKT VELFERDSTEKNOLOGI, STATUSRAPPORT**

Odd Egil Stavn og Hamša Ganić (prosjektleder velferdsteknologi i Hallingdal) orienterte generelt om tenesteinnovasjon, og velferdsteknologiprojektet for kommunane i Hallingdal, statusrapport (vedlagt presentasjon).

### **SAK 40/19 EVENTUELT**

#### **Posjekt: «Det er folka som teller», prosjekt rekruttering**

Dagleg leiar orienterte om prosjekt – rekruttering, som er to-delt, vedlagt presentasjon.

- Etablere eit system for felles annonsering og marknadsføring av ledige jobbar i Hallingdal
- Etablering av ein digital «møteplass» for arbeidsgjevar, arbeidssøkjjar og personar som ser på Hallingdal som framtidig arbeidsplass og type tenester som sommarjobbar og gjennomføring av studentoppgåver i Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal blir styringsgruppe for prosjektet.

### Prosjekt: Grønn Vekst Hallingdal

Kristian Akervold, Flå Vekst, orienterte om "Grønn vekst Hallingdal" som er eit forprosjekt for å sjå på mogelegheitene for etablering og vidareutvikling av bærekraftig næringsutvikling, fokusert på det grønne skiftet. Buskerud fylkeskommune har løyvd kr. 600.000 til forprosjektet.

Regionrådet for Hallingdal blir styringsgruppe for prosjektet.

### Prosjekt: Hallingdal - bærekraftig reisemål

Destinasjonsselskapa i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Geilo) har uttrykk eit klart ynskje om at tida er moden for å vurdere korleis Hallingdal kan gå vidare i forhold til arbeidet med bærekraftige reisemål. Ut frå dette søkte Regionrådet for Hallingdal om kr. 280.00 frå Buskerud fylkeskommune, for å setja i gang ein prosess for å avklare korleis destinasjonane i Hallingdal og Hallingdal som region kan arbeide vidare med målsetting bærekraftig reisemål. Buskerud fylkeskommune har løyvd midlar i tråd med søknad og arbeidet vil starte opp i slutten av august.

### Lansering undersøking Livskvalitet

Innbyggjarundersøking om livskvalitet «Koss har du det?» er avslutta og lansering av undersøking er planlagt til 19. august.

### Trafikkstasjon

I samband med Statens vegvesen sitt forslag til ny tenesteleveransemodell og tenestestruktur for TK-området er det sett på mogelegheitene for styrking av Gol sambruksstasjon.

Ordførar Heidi Granli og dagleg leiar gjekk gjennom utkast til brev til Samferdselsdepartementet.

### Hallingdal Museum

I sak 31/19 Hallingdal Museum, regulering av tilskot frå kommunane vart det gjort slikt vedtak:

*Saka blir sendt attende til Hallingdal Museum for å klargjera endring av tilskot frå dei einsskilde kommunane, dei siste åra.*

I brev av 25.6.2019 frå Hallingdal Museum blir det klargjort for regulering av dei kommunale tilskota i perioden 2011 – 2018.

### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ber om at søknad om indeksregulering blir sendt den einsskilde kommune.

Hallingdal 28.6.2019

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

### Vedlegg:

Sak 34-19 Sluttrapport Tråkk 'n' Roll, søknad oppstart TNR SA, presentasjon  
Sak 39-19 Prosjekt velferdsteknologi, statusrapport, presentasjon  
Sak 40-19 Prosjekt: «Det er folka som teller», prosjekt rekruttering, presentasjon